



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 29.02.2016

Vår ref.: 2013/12594

Arkivnr.: 431

NVE-Konsesjonsavdelinga
Postboks 5091 Majorstuen
0301 Oslo

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Uttale til høyring søknad konsekvensutgreiing uttak drikkevatt Bjerkreimsvassdraget, Bjerkreim og Gjesdal

Fylkesmannen i Rogaland ser det som viktig for samfunnstryggleiken at den store befolkninga på Jæren vert sikra trygg og tilstrekkeleg vassforsyning på lang sikt. Uttalen gjer framlegg om ei rekke avbøtande tiltak og vilkår knytt til verdiane i det verna vassdraget, hydrologi, landskap, naturmangfald, landbruk og forureining. NVE må i vedtak sikre minstevassføringa ut av Birkelandsvatnet. Vi saknar meir utfyllande bruk av kriterium ved val av drikkevasskjelde i høve samfunnstryggleik, og tilsvarande utgreiing om utbetring av den omfattande vasslekkasjen i leidningsnettet som alternativ til utbygging.

Vi syner til brev av 16.12.2015, høyring av søknad med konsekvensutgreiing for uttak av drikkevatt frå Bjerkreimsvassdraget i kommunane Bjerkreim og Gjesdal i Rogaland. Søknaden inneheld ei omfattande konsekvensutgreiing (KU) med ei rekke fagrapportar, og skal handsamast etter vassressursloven § 8. Søkar er Interkommunalt vann-, avløps- og renovasjonsverk (IVAR).

Bakgrunnen for saka er behovet for ny drikkevasskjelde for Jæren-kommunane fram mot 2050. Ifølgje IVAR må eksisterande drikkevasskjelde suppleras innan 8-12 år for å sikre vassforsyninga. Framdrift i saka har derfor høg prioritet. Prognosar for vassforbruk tilseier naudsynt løyve til uttak av maksimalt 2,5 m³/s vatn i 2050.

KU gjer grundig greie for to alternativ - alternativ 1 uttak frå Birkelandsvatnet i Bjerkreim kommune, og alternativ 2 – uttak frå Store Myrvatn i Gjesdal kommune. I følgje IVAR skil alternativ 1 seg klart positivt ut både når det gjeld kvalitet, kapasitet, tryggleik og beredskap, berekraft og kostnader. IVAR søker derfor berre om alternativ 1 Birkelandsvatnet.

Det omsøkte alternativet inneber bygging av 1 km anleggsveg, råvass-tunnel (ca. 4,8 km), ein 800 m lang tunnel for service- og tilkomst med portalbygg, pumpestasjon og inntaksstasjon. Vatnet skal takast frå tunnelopning på ca 70 m djup i Birkelandsvatnet. KU syner ulike alternativ for permanente massedeponi av sprengstein og anleggsvegar. Det skal etablerast massedeponi for permanent lagring av sprengsteinmassar frå tunnelbygginga.

Det skal til ei kvar tid sikrast minstevassføring på 2,5 m³/s ut av Birkelandsvatnet, om naudsynt med suppleras vatn frå dei regulerte Stølsvatnet og Romsvatn. Av den grunn skal det etablerast ein målestasjon i elva nedstrøms utlaupet av Birkelandsvatnet.

Uttalen vår avgrensar seg til dei primære ansvarsområda som ligg til Fylkesmannen. Vi syner og til vårt brev av 30.01.2014 om uttale til melding om konsekvensutgreiing.

Fylkesmannen sine vurderingar

Vi meiner konsekvensutgreiinga generelt er grundig, omfattande og i samsvar med dei utgreiingskrava NVE har sett til KU i saka.

Vi er nøgde med at også alternativ 2 Store Myrvatn er utgreidd; sjølv om vi framleis vil peike på at dette alternativet, utover dei reint økonomiske vurderingane, har langsiktige samfunnsfordelar. Alternativ 2 har eit stort og regulert magasin, tilnærma uavgrensa vassmengder frå Sira i tilfelle framtidige krisar, gir stort naturleg restfelt nedstraums (i høve elve-verdiar) og har klart avgrensa påverknad frå eksisterande bygg og næring.

Fisk og ferskvatnbiologi/hydrologi

Fylkesmannen syner til at Bjerkreimsvassdraget er eit verna vassdrag og har status som nasjonalt laksevassdrag. Det er særst viktig at NVE i si vidare handsaming av søknaden, legg vekt på varig sikring av desse verdiane; jamfør naturmangfaldlova §§ 4, 5, 9 og 12.

Søknaden og KU-rapportar legg til grunn minstevassføring på 2,5 m³/s. Dette er noko meir enn på det tørraste i målte periodar. Simuleringar syner at ein berre særst sjeldan vil få ei vassføring under 3 m³/s ut av Birkelandsvatnet. Lågvasføringa vil såleis bli noko høgare enn i dag, men noko redusert i middels- og høg vassføring. Minstevassføringa skal sikrast ved naudsynt supplerande tapping av eksisterande magasin Stølsvatnet og evt. Romsvatnet.

I KU-rapport Hydrologi kap. 4.1.5 vert det vist til at det er planlagt «å legge opp til en tappestrategi frå de tilgjengelige vasskjeldene (Stølsvatn, Romsvatn og Storavatn)». Vi har i søknaden ikkje klart å finne noko meir klargjerande om ein slik strategi, og konkret korleis den skal gjennomførast og styrast i praksis. Fylkesmannen kjenner til (frå Suldalslågen og no Årdalsvassdraget) at slik «kunstig» vassføringsdynamikk for å oppretthalde minstevassføring på 2,5 m³/s kan vere særst krevjande å få til på ein varig og sikker måte. Dette er kritisk viktig for at minstevassføringa ut av Birkelandsvatnet ikkje på noko tidspunkt skal under 2,5 m³/s. Vi ber NVE i si vidare handsaming bringe dette på det reine, gjennom krav til tiltaks-planlegginga, med tydelege vilkår.

Etter vårt skjønn er vassuttak på 2,5 m³/s i år 2050 basert på særst usikker befolkningsutvikling. Vi syner i så måte til at folketalet i Stavanger i 2015 har hatt mindre vekst enn på mange år, ei utvikling som for tida held fram. Dette, saman med usikre følgjer av klimaendringar (til dømes mogleg sterkt redusert sommar-avrenning), inneber ein uoversiktleg situasjon i høve målsettingar om å oppretthalde verdiane langs vassdraget i best mogleg stand på lang sikt. Sidan konsesjonen er langvarig, ber vi NVE vurdere om det finst lovgrunnlag for no å sette vilkår om revisjon av vassføringsregime på eit tenleg tidspunkt.

Minstevassføringa vil i første rekke vere kritisk for verdiane i Malmeisåna, men og anadrom produksjon/oppgang og anna biologisk mangfald vidare nedstraums. For å sikre minstevassføringa skal det etablerast vassføringsmålar ved utlaupet av Birkelandsvatnet. Dette må vere eit vilkår i konsesjonen; like så at målingane til ei kvar tid vert gjort tilgjengelege på offentlege media. Dette vil både oppretthalde tilliten til IVAR, vere av stor interesse for mellom anna fiskarar og elveeigarlaget, for NVE sjølve, og ikkje minst vere i samsvar med reglane i miljø-informasjonslova.

Vi vil oppmoda søkar om å vurdere samlokalisering av målaren med eksisterande kalkingsanlegg i same område.

Landskap

Kulturlandskapet ved Birkeland har betydelege samla verdiar i jordbrukslandskapet, naturlege landskapsformer og overgangar til vatn og vassdragliner. Vi legg til grunn at det blir planlagt og gjennomført ei detaljert landskapstilpassing av vegar og deponi som ivaretek og i størst mogleg grad tilbakefører desse landskapsverdiane. Vi vil rå til at mellombels oppgradering av vegar blir tilbakeført til tradisjonell dimensjon som samsvarar med dagens lokale bruk. Naturlege kantsoner mot vatn, bekkar og markerte landskapsformer, må i størst mogleg grad bli urørte i tilstrekkeleg bredde.

Naturmangfald (flora og fauna)

Vi legg til grunn at verdiane knytt til naturbeitemark verdi A (jfr. kart i søknad fig. 24) i liten grad vert rørt, uavhengig av deponi- og veg-val. Derimot er verdi B-område ved deponi B2 utsett på oversida av vegen. Vi vil klart tilrå framlegget i søknaden om supplerande kartlegging av beitemarksopp på Birkeland. Dette for både å få betre kunnskapsgrunnlag for dei ulike alternativa, og for eventuelt å kunne sette inn til dels detaljerte avbøtande tiltak i tilfelle funn av truga artar. Når kompetent personell først er tilstades, bør alle kartavgrensa verdi-område inventerast. Feltarbeidet bør konsentrerast til perioden slutten av juli til medio oktober.

Hekkeaktivitet av aktuelle rovfugl må spesielt kartleggast i høve forstyrning ved dei ulike alternativa. Undersøkinga må starte tidleg nok på året (revir-etablering allereie i tidleg mars) og følgjast i månadene deretter. Observasjonar må i størst mogleg grad posisjonierast, men ikkje gis offentleg tilgjenge. I tilfelle hekkeaktivitet må NVE sette tidsavgrensa vilkår knytt til anleggsaktivitet; slik det vert føreslått i søknad og KU-rapport. Ein bør samstundes undersøke mogleg hekke-aktivitet (medio mai til medio juni) av åkerrikse i same område. Resultat frå desse supplerande kartleggingane må vere klare før anleggsarbeidet startar opp.

Miljø- og tiltaksplanen må sikre at det ikkje vert spreidd framande og uønskte artar ved deponering av stadeigne og tilkøyrde jordmassar.

Naturressursar jord og skog

I følge søknad dekkar planområdet ved Birkeland eit landareal med 483 daa jordbruksmark, 334 daa skog (middels til svært høg bonitet lauvskog) og 72 daa fastmark (halvparten innmarksbeite). Om lag halvparten av jordbruksarealet på 483 daa er lettbrukt fulldyrka jord, resten innmarksbeite.

Planlagt tiltak vil i hovudsak ha følgjer for jordbruksmark og innmarksbeite ved bruk av areal til massedeponi og til dels veg. For anleggsfasen vert deponialternativa B1, B2 og B3 vurdert til å ha ubetydelege konsekvensar; B4 vil ha middels til stor negativ konsekvens. Dei tre vegalternativa B1, B2 og B3 vil ha liten negativ konsekvens. Ein tek sikte på å restaurere full dyrka kvalitet på dei dyrka areala som vert nytta; tilsvarande å dekkja til deponi på innmarksbeite med jord for naturleg revegetering. Matjorda skal mellombels lagrast og tilbakeførast; men og ny jord skal tilkøyrast. I etterfølgjande driftsfase vert alle alternativa vurdert til ubetydeleg (0) konsekvens, evt. litt positiv for deponi B3 og B4. Tilsvarande vil veg bli utbetra etter anlegg.

Fylkesmannen syner til at det er krevjande å få restaurert mellombels omdisponert dyrka mark, både i sjølve utføringa av arbeidet og ikkje minst tida det tek før ein har fått tilbake full produksjonsevne. Vi føresett derfor detaljerte vilkår om dette i miljø- og tiltaksplanen og krav til kompetanse som sikrar ein optimal agronomisk gjennomføring. Det må også vurderast suksessiv restaurering av dyrka mark i deponeringsperioden, slik at jorda raskast råd kan komme tilbake i full produksjon.

Vi ser av søknaden at deponi B3 vert prioritert som hoveddeponi, med deponi B1 og B2 som mindre deponi/rigg. Vi støttar dette, sjølv om noko dyrka mark vert mellombels omdisponert. Alternativ B4 vil disponere heile 37 daa dyrka. Vi har røymsler med at sprengsteinmassar ofte vert meir av enn planlagd, med påfølgjande behov for supplerande deponi i etterkant. Dette må ein unngå gjennom strenge krav til berekningar. Vi føresett derfor at B3 har tilstrekkeleg kapasitet til både å få ein best mogleg landskapsutforming og landbruksarrondering. Overskot av mineralmasse frå store infrastrukturprosjekt som dette er ein naturressurs som skal nyttast samfunnsgagnleg. Prosjektet bør difor vurdere kvalitet av overskotsmassen, vektlegge massebalanse innad i prosjektet og også vurdere anna planavklart bruk utanom prosjektområdet.

Vegalternativa B1, B2 og B3 vil i større eller mindre grad ha følgjer for både landbruksjord og natur- og kulturlandskap. B1 er det omsøkte alternativet. Dersom dette vert valt må ein finne ei løysing som best mogleg ivaretek natur- og landskapsverdiane. Bruk av dyrka mark må bli utbetra fullt ut etter anleggsfasen. Sjå elles våre merknader til deponi og vegar nedanfor.

Vi legg og til grunn at aktuelle gardsbruk får fullt ut driftsmessig kompensert for avlingstap i den tida det tar før produksjonen er på nivå med før-tilstand.

Deponi og vegar

Vi syner igjen til vernestatus for Bjerkreimsvassdraget. For alle deponialternativa må detaljplanar ta høgde for å unngå/minimere avrenning av massar, næringsstoff og forureining til vatn. Spesielt må deponi B3 som omsøkt hoveddeponi, ha avbøtande og permanente tiltak i tilstrekkeleg avstand frå Birkelandsvatnet. Dette også i høve næringsavrenning frå reetablert dyrka mark. Tilsvarande må det planleggast preventivt for å unngå avrenning frå påførte jordmassar på naturbeitemark, før desse areala er naturleg revegeterte.

Alternativ deponi B2 er utfordrande i høve kulturminner i området og nærleiken til vatn nedanfor; men inneber likevel at ein samlar inngrepa med deponi B3 og riggområde mellom dei.

Det vil etter vårt syn vere klart i strid med vassdragsvernet å fylle ut tjernet som deponi B5. Tilknytt vegalternativ B2 vil innebere eit betydeleg nytt landskapsinngrep i vestre rota av Ragsfjellet (jfr. også viltverdiar). Samla sett frårår vi derfor dette alternativet; sjølv om vi ser fordelar med alternativet i høve landbruk og kulturminne.

Vegalternativ B3 har sine fordelar ved langt på veg å følgje eksisterande landbruksveg, men har uheldige følgjer for beiteinteressene. Slik vi les karttraseen i fig. 8 i søknaden vil det dessutan vere konfliktfylt å krysse den naturprega innlaupsosen nordaust for Hammaren.

Eit val av omsøkt vegalternativ B1 vil på si side krevje detaljert trase-planlegging for å minimere permanente skader på bekkeløp og nyare kulturminner, samt full restaurering av omdisponert dyrka mark. Alternativt vil vi klart tilrå at ein vurderer høve til å følgje landbruksvegar nord for gardstuna.

Klausulering

Som kjent har spørsmålet om klausulering mot aktivitet i nedbørsfeltet, hatt stor merksemd i planfasen. Vi har forståing for den uro Bjerkreim kommune har gitt uttrykk for i høve både dagens og ikkje minst framtidig bruk, av areal tilgrensande Birkelandsvatnet. Kommunen har peikt på manglande garantiar for eventuelle skjerpande lovendringar knytt til drikkevassforskrift, vassforskrifta og forureiningsloven; og at den nye vasskjelda uansett vil pålegge kommunen ekstra sakshandsaming ved handtering av saker etter PBL og særlover elles. Dette ikkje minst med bakgrunn i vassforskrifta § 12. Denne set krav om berekraftig bruk og sakshandsaming for tiltak som kan medføre endringar av tilstandsklassar for vassførekomstar.

Det kjem tydeleg fram av søknaden at IVAR ikkje finn klausulering naudsynt, korkje i høve dagens aktivitetar i området eller det potensialet ein ser for seg i framtida. Vi tek dette til etterretning; likeeins at NVE gjennom si handsaming etter vassressursloven ikkje har høve til å sette vilkår om garantiar for følgjer av eventuelle klausulerande regelendringar. Så langt vi kan sjå, vil § 12 i vassforskrifta for denne saka, ikkje medføre meir krevjande sakshandsaming enn det som følgjer ved handtering etter allereie gjeldande lovverk.

Birkelandsvatnet er i grenseland mellom sær god og god tilstand. Vassførekomsten er sær robust. Det er etter vårt syn lite truleg at framtidig aktivitet i nedslagsfeltet vil kunne medføre endring frå *god* til *moderat* tilstand. Ei slik tilstandsending til *moderat* vil vere den klart viktigaste grenseovergangen for handsaming etter § 12 i vassforskrifta.

Driftsfase og forureiningslova

I høyringsbrevet ber NVE spesifikt om at Fylkesmannen vurderer om tiltaket treng konsesjon etter forureiningslova i driftsfasen. Konsesjon etter vassressurslova vil og omfatte løyve etter forureiningslova ved normal drift, som vilkår i vilkår-settet for konsesjonen. Slik vi har forstått søknaden vil driftsfasen ikkje medføre vesentleg forureining eller fare for dette. Fylkesmannen finn det derfor ikkje naudsynt med eigen konsesjon etter forureiningslova, jfr § 11 i denne.

For anleggsfasen må IVAR søkje Fylkesmannen spesielt om utsleppsløyve. Søknaden må gjere greie for mellombels forureining eller fare for dette; til dømes ved tunneldrift, lekkasjefare, avfall og ikkje minst planlagt spyling av tunnell til Birkelandsvatnet.

Fylkesmannen legg til grunn at NVE i si vurdering av detaljplan for deponi/bruk av overskotsmasse, sikrar avbøtande tiltak som hindrar avrenning av massar, sprengsteinstøv og giftige sprengstoffrestar til vatn og vassløp; så som vegetasjonsbuffer/avstandskrav og avskjeringsgrøfter med sedimentasjonsbasseng/ fangdammar. Tiltaka må dimensjoneraast for å tåle uvanlege nedbørsmengder.

Skred, ras og samfunnstryggleik

Vi syner til søknad med aktuelle KU-rapportar. Fare for snøskred er liten, men ein tilrår å behalde skog som buffer i aktuelle del-område. Fare for steinsprang må avbøtast ved meir nøye bergteknisk vurdering, spesielt i samband med eventuell utløyseande anleggsaktivitet (sprenging, graving, deponering) og nær busetnad og gardsbruk. Fylkesmannen føreset tilstrekkelig sikring mot utgliding av deponimassar/vassmetta jordmassar til vatn og vassdrag.

I vår uttale av 30.10.2014 til meldinga, poengterte vi verdien av stabil vassforsyning som sentralt element i samfunnstryggleiken. Mellom anna etterlyste vi ei sårbarheitsvurdering av at alt drikkevatt til den store befolkninga skal gå gjennom dette eine anlegget. I søknaden er det svart på dette ved å vise til Hagavatn og Langevann innsjø som hovudreservekjelder, Store Stokkavatn som krisereserve, og planar for naudvassforsyning frå grunnvatn-anlegg i Oltedal og på Nærbø. I tillegg vil heile Romsvatnet/Stølsvatnfeltet kunne førast ved sjølv-fall til Birkelandsvatnet.

I søknaden om konsesjon side 124, er dei ulike råvasskjeldene vurderte mellom anna med omsyn på samfunnstryggleik. Grunnlaget for vurderinga synes å vere lengda på tunnelstrekninga frå kjeldene til vassbehandlinga på Langavatnet, behov for pumping og tilgangen til anlegga. Det er grunn til å stille spørsmål om desse kriteria er utfyllande nok og kva objektive kriterie som ligg til grunn for vurderinga av sårbarheita til dei ulike alternativa. Det kjem mellom anna ikkje fram om terror og sabotasje er vurdert.

Vi reiste også spørsmålet om korleis stabil drift skal sikrast ved straumutfall over lengre tid. I søknaden vert det kort gjort greie for anlegg av pumpestasjon for å auke trykket i råvasstransporten og at det *«trolig vil være nødvendig med dieselaggregat som backup-løsning ved strømutfall»*. Fylkesmannen ber NVE sette krav om at ein slik reserveløysing faktisk blir gjennomført på ein forsvarlig måte.

Vi tek til etterretning at den vasshygieniske tryggleiken i søknaden blir karakterisert som «formidabel».

Vidare peikte vi på dei omfattande lekkasjane i leidningsnettet i aktuelle kommunar. Vi meinte at dette burde vurderast i ein heilskap i høve val av ny og særskild kostbar utbygging i eit verna vassdrag, også fordi dette involverer ein kommune som ikkje er med i IVAR. Vi registrerer at NVE ikkje har kravd utgreiing av dette som alternativ til utbygging, sjølv om lekkasjetap er grovt stipulert til heile 35 – 40 % i delar av IVAR-regionen. Vidare at IVAR ikkje kan pålegge medlemskommunane å tette lekkasjane. Fylkesmannen meiner dette er lite tilfredsstillande, både samfunnsøkonomisk, i høve vassuttak i verna vassdrag, og i høve langsiktig beredskap også etter 2050. Vi oppmodar NVE om å greie ut kva lovgrunnlag som kan nyttast for å forsere utbetring av slike omfattande lekkasjar.

Konklusjonar

Fisk og ferskvatnbiologi/hydrologi

- Det må settast konsesjonsvilkår om at vassføringa ut av Birkelandsvatnet ikkje på noko tidspunkt skal vere mindre enn 2,5 m³/s; og at data frå planlagt vasstandsmålar ved utlaupet av vatnet til ei kvar tid er tilgjengeleg på offentlege media.
- «Kunstig» vassføringsdynamikk for å oppretthalde minstevassføringa kan vere særskild krevjande. Dette er ikkje nærare konkretisert i søknaden. NVE må sette krav til detaljplanlegging og vilkår for drift som sikrar dette kritiske tilhøvet.
- Vi ber NVE vurdere om det finst lovgrunnlag for no å sette vilkår om revisjon av vassføringsregime på eit tenleg tidspunkt. Dette ikkje minst på bakgrunn av usikre prognosar om vassforbruk og klimautvikling i framtida.

Landskap

- Vi legg til grunn at det blir laga ein detaljert plan for landskapstilpassing av vegar og deponi på Birkeland som skal følgjast i anleggs- og driftsfasen
- Mellombels oppgraderte anleggsvegar bør tilbakeførast til opprinneleg dimensjon.
- Naturlege kantsonar mot vatn, bekkar og markerte landskapsformer må i størst mogleg grad bli urørte i tilstrekkeleg bredde. Dette må avgrensast i miljø- og tiltaksplanen.

Naturmangfald (flora og fauna)

- Vi vil tilrå supplerande kartlegging av beitemarksopp på Birkeland på verdisette naturbeiteareal. Likeså supplerande kartlegging av sårbare rovfugl.
- Planarbeidet må sikre at ikkje framande artar blir spreidd ved masseflytting/tilkøyring.

Naturressursar jord og skog. Deponi og vegar

- Vi føreset detaljerte vilkår i miljø- og tiltaksplan og kompetanse som sikrar ein optimal agronomisk tilbakeføring av produksjonsareal i deponi- og vegområde. Det må også vurderast suksessiv restaurering av dyrka mark i deponeringsperioden.
- Aktuelle gardsbruk må få fullt ut driftsmessig kompensert for avlingstap i den tida det tar før produksjonen er på nivå med før-tilstand.
- For å redusere omdisponering av dyrka mark tilrår vi hoveddeponi B3, med dei mindre B1 og B2. Det må settast strenge krav til masseberekningar for å unngå uføreset deponibehov i anleggsfasen. Vi frårår klart deponi B5 og tilknytta vegalternativ B2. Veg B3 er konfliktfyllt i høve kryssing av vassdrag. Veg B1 vil krevje detaljert restaurering av jordbruks-, natur- og kulturverdiar; alternativt at ein vurderer å nytte eksisterande landbruksvegar mot nord i dette del-område.
- Detaljplanar for deponi og vegar må sikre at ein unngår avrenning av massar til vatn; også næringsavrenning etter at landbruksproduksjon er på plass igjen.

Klausulering

- Fylkesmannen legg til grunn at det ikkje vil vere behov for klausulering no eller i framtida; gitt kvaliteten på vassførekomsten.

Driftsfase og forureiningslova

- For driftsfasen finn Fylkesmannen det ikkje naudsynt med eigen konsesjon etter forureiningslova, jfr §11 i denne.
- For anleggsfasen må IVAR søke Fylkesmannen spesielt om utsleppsløyve.

- Fylkesmannen legg til grunn at NVE i sin vurdering av detaljplan for deponi, sikrar avbøtande tiltak som hindrar avrenning av/frå massar, sprengsteinstøv og giftige sprengstoffrestar til vatn og vassløp.

Skred, ras og samfunnstryggleik

- Fylkesmannen føreset tilstrekkelig sikring mot utgliding av deponimassar/vassmetta jordmassar til vatn og vassdrag.
- Med omsyn til samfunnstryggleik og sårbarheit reiser Fylkesmannen spørsmål om kriteria som er lagde til grunn for val av vasskjelde er tilstrekkeleg dekkande og objektive nok; mellom anna er ikkje terror eller sabotasje vurdert.
- Fylkesmannen ber NVE sette krav om gjennomføring av reserveløysing i tilfelle straumutfall på driftsanlegget.
- Fylkesmannen finn det lite tilfredsstillande at tiltak for å redusere dei store lekkasjane i leidningsnettet ikkje er nærmare utgreidd. Å stanse 35-40 % lekkasje frå delar av vassnettet, kunne vore eit godt alternativ til planlagt utbygging i verna vassdrag, store kommunale interesser og langsiktig beredskap. Vi oppmodar NVE til å greie ut kva lovgrunnlag som kan nyttast for å forsere utbetring av slike omfattande lekkasjar.

Med helsing

Magnhild Meltveit Kleppa
fylkesmann

May Britt Jensen
fylkesmiljøvernssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Per Kristian Austbø
Saksbehandlar telefon:
E-post: fmropka@fylkesmannen.no

Kopi til:

Rogaland fylkeskommune	Postboks 130	4001	Stavanger
Miljødirektoratet	Postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM
Bjerkreim kommune	Postboks 17	4389	Vikeså
IVAR IKS	Postboks 8134	4069	STAVANGER